



**Silsetvatnet rundt:** Medlemer i Gjemnes sykkelklubb på tur. Fra venstre Børge Strand, Arild Harstad, Arve kamsvåg, Arnt Olav Harstad, Liv Holten og Mari Ask Fredriksen.

# Rundt Silsetvatnet



**Gjemnes sykkelklubb:** Fra venstre Erik Opdahl, Arild Harstad, Torgeir Enoksen, Arnt Olav Harstad, Liv Holten, Børge Strand, Arve Kamsvåg, Mari Ask Fredriksen, Gunn Rigmor Astad, Ole Martin Ask.

Vegane og stiane mellom Batnfjord, Istad, Kleive og Fursetfjellet er fint **sykkelterreng**. Vi fekk med oss Gjemnes sykkelklubb på tur.


**GJEMNES:** Silsetvatnet rundt er ein av mange sykkelturar du kan gjøre i dette vakre fjellområdet. Turen rundt vatnet er på 8 kilometer, og går på stort sett fine grus- og skogsvegar. Tur/retur



ALLE FOTO: IVER GJELSTENLI



**Rundtur:** Ringen er slutta etter å ha sykla rundt Silsetvatnet i kvelssola.



**Bratt unna:** Full fart på sykkel, eller roleg gange ned dei bratte bakkane.



**Utsyn:** Arnt Olav Harstad ved ved Hannibalåsen.

# på sykkel

Batnfjordsøra blir det ein sykkeltur på 17 kilometer. Då får du også med deg ei skikkeleg styrkeprøve opp dei bratte bakkane frå Silset til Silsetvatnet. Trollstigen er flat i samanlikning! Men gjer som eg: Lat som om du må stoppe og fotografere av og til. Då går det lettare i bratta!

**Kveldstur.** Oppe på fjellet er dete ein sann fryd å sykle. Litt bakkar opp og ned langs med vatnet forbi Silsethytta, ein tur innom Indergårdssetra og Hannibalåsen, ned til vatnet igjen og rundt tilbake til utgangspunktet. Så er det bratt unnabakke tilbake til bygda. Vi fikk oss ein flott tur i kveldssola saman med 10 medlemer frå den nystifta og svært aktive Gjemnes

sykkellaget.

— Klubben vart stifta 12. januar i år. No er vi 165 medlemmer. Interessen for sykling er stor her i kommunen, seier Arnt Olav Harstad.

**Mange turar.** Han viser til nettsida til klubben for dei som vil ha gode tips om sykkelturari i Gjemnes, men oppmodar fleire om å prøve turen rundt Silsetvatnet og andre turar i dette flotte fjellterrenget med vegar og stiar.

Her er det mykje å ta av, og mange utgangspunkt for turane. Den store runden kan til dømes starte ved parkeringsplassen på Fursetfjellet og følgje Gamlevegen om Furset til Silset, så vegen opp til Silset-

vatnet og vidare til Bratset, langs bilvegen til Kleive kyrkje, opp til Kleivevatnet og tilbake til Fursetfjellet. Til saman 32 km. Ein fin dagstur med mange fine stoppestader under vefs. Vil du ha ein kortare tur, kan du velje og vrake i variantar i dette sykkelparadiset.



I en serie reportasjer presenterer vi lokale reisemål i og rundt vårt distrikt.

## Sykkelrundt Silsetvatnet



**Kva:** Sykkeltur på grusvegar og stier i fjellterring.

**Kvar:** Ved Silsetvatnet i Gjemnes kommune.

**Reisemåte:** Bil fram til utgangspunktet for sykkelturen. Om du vil unngå dei bratte bakkane opp til Silsetvatnet, kan du køyre bil heilt opp på fjellet (bomveg).

**Mat og drikke:** Butikkar, kafé og bensinstasjon på Batnfjordsøra.

**Sesong:** Så snart snøen er borte.

**Nett:** gjemnessykkellklubb.no



Har du tips om flotte reisemål i vårt område, som du synes vi bør skrive om?



Kontakt journalist  
**Iver Gjelstenli**  
iver.gjelstenli@r-b.no  
mobil: 952 99620